




Hallvard Blekastad: glimt frå eit kunstnarliv

UTDRAGET ER HENTET FRA MILADA BLEKASTADS BOK, UNIVERSITETSFORLAGET 1983, FRA S 124.

Endeleg kom dei til Dornach utanfor Basel og fekk sjå Geotheanum, denne fyrste merkelege byggnaden som var samansett av store massive treblokkar og som skoren ut av ei mektig hånd i reine, runde former. Der låg han som frigjord i harmoni med landskapet, under åsane som var kledde med vårleg lauvskog. Men då Hallvard kom inn i den fyrste store salen der alle stansa i taus ovundring, vart han kvalm,

fortalde han. Den store kuppelen var dekoren med bilete av ulike målarar etter skisser av dr. Steiner. Medan verdskrigen hadde rasa nokre få kilometer frå Basel, hadde friviljuge frå mange land arbeidd på denne byggnaden etter modellar og teikningar av dr. Steiner og saman med honom sjølv. Fargane i kuppelen var nok «reine» tubefargar men i ein skrikande disharmoni, som vart forsterka av det sure ljuset frå dei høge glasi. Kwart av dei var eit vakkert kunstverk for seg, gravert inn i tjukt glas av ei sterk, rein farge. Tilsaman gav dei i alle fall ikkje noko reint ljøs.



Tanken fór gjennom hovudet til Hallvard med det same: han ville snu og reise sin veg – til Paris. Her hadde han ingen ting å lære som målar. Men når han såg det ekstatiske uttrykket til Morgenstjerne som stod der med falda hender, hadde han ikkje hjarta til det. Han rusla innover, inn i den andre salen med den vesle kuppelen. Og her hadde ein verkeleg målar vore på ferde, her vart han imponert.

Dekorasjonane var mest nonfigurative fargefelt med einskilde figurar som var som fødte ut av fargen. Og her var både fast form og komposisjon og kultiverte fargar i mange sjatteringar, her var styrke og harmoni. Målaren som hadde dekorert den vesle kuppelen var Rudolf Steiner. Seinare tala Hallvard med honom om dette, fritt som vanleg, og sa at denne målaren retta seg nok ikkje etter teoriane som han lærte frå seg: å måle utan teikning, utan plan, «aus der Farbe heraus». Steiner svara like fritt: «Ich bin Maler, aber noch kein geisteswissenschaftlicher Maler.» Det var framtidsvegen han peika ut for andre.

I mange brev frå Dornach fortel Hallvard om det glade samarbeidet som fyller Goetheanum. «Her blir det arbeid med ein intensitet som er aandsvitenskapen verdig.» Sjølve byggverket var ikkje ferdig enno, alle stader vart det snikra og måla og hamra. Ved sida av målingi var det det sosiale spørsmålet som opptok Hallvard mest. Her var han saman med tyskarar og russarar, amerikanarar, engelskmenn og hollendarar, luftfatige flyktningar og millionærar. Dei hadde vore i oversjøiske land, mange av dei, og alle var samde om at dei gamle samfunnsordningane ikkje lenger rakk til. «... Daa eg i Stuttgart saag folkemassor dr. Steiner samla omkring talarstolen sin og alle dei varmhuga menner som sette livet sitt inn paa trigreiningi, daa tykte eg at eg alt saag ei verdensmagt i emning - so eg laut syngje med Bjørnson: «Begyndte som en susen i kornet sommerdag ...»

Og han var med på dette arbeidet so godt han kunne. I juli var han framleis frisk, hadde godt av «grasmaten» i kantinen, og arbeidde i eit kjøleg arbeidsrom i kjellaren i «Bau», som alle kalla Goetheanum, «... eg arbeider dørklinkor aat Bau, det skal vera 160 slike ... av tre, hard ved, bøk, eik, løn o.s.b. Rundt meg staaer det fullt med kvinnfolk, vi er 5 st. paa tvo høvelbenkar, den eine har emnet sitt fastskruva i eit skruvsted. Dei har aldri arbeidt med jarn nokon av dei fyrr – men vera med skal dei, vera med *aa arbeide paa Bau!* Anten dei hogg jarnet sitt i handi eller i skruvstedet, det blir det same, dei arbeider like trutt; ho som har sitt i skruvstedet, du kan tenkje deg korleis jarnet (hoggjarn) hennar blir; eg spør ho um det ikkje er skjemt. «Nei daa.» Med skalute jarn og blodige hender arbeider dei. Med kunstgefühl arbeider dei. Og dei kan segja meg paa prikken for kvart hogg eg gjer anten det er gjort med kunstgefühl eller ei. Den fyrste dagen eg var der spurde eg etter ei sag. «Sag?» Eg prøvde forklare dei at med ei sag kunde ein gjera same arbeidet paa 1 min. som eg med jarn laut bruke 10 min. til. Daa log dei alle overberande: «Handverkar!» Med slike kvinnfolk i hælom har dr. Steiner arbeidet heile tidi. Dei hengjer seg innpaa'n som lus, og han let dei hengje. Eg beundrar den mannen. Det er sjølv sagt mange dugande kvinnor som arbeider i Bau; men desse eg talar um, um dei heldt paa til domedag- ... nei gjeiti gjer finare arbeid!»

skreiv han til mor den 17. juli.

Steiner vart glad for denne «håndverkaren» som snart løyste det vanskelege problemet å laga treklinikor som verkeleg kunne opne og stenge dørene ... du kan tru eg var stolt då han sa at *slike* skulde dei vera. Det gjekk ikkje so bra med målingi. Eg arbeidde saman med dr. Steiners næraste vener. Frk. Waller som *budde* hjå S. og Frau dr. Boos. Den siste helde hus. Vi kom ikkje av flekken nokon av oss. Eg trur eg skyna idéen so godt som nokon. Vi var for gamle, vi hadde lært for mykje fyrr, vi fekk det ikkje ned på papiret. Vi viste fram til Steiner, men det hjelpte ikkje stort, han hadde ikkje tid til å vise oss framgangsmåten ...» mintes han i eit brev den 17.12.1954.

Ved sida av målingi dreiv han trufast på med eurythmien. Han var so heldig at han kunne gå på kurs hjå ei verkeleg stor kunstnarinne, fru Kisseleff, ei russisk danserinne som hadde vore med og skapt denne nye kunsti saman med dr. Steiner og frua. Her fann Hallvard ein frigjerande syntese av rørsele, fargeoppleving, ord og musikk - alt opplevd med kroppen, med heile seg. Om kveldane var det mest alltid foredrag, konsert, teater eller eurythmiframsyning, ofte diskusjonar.

Hallvard som frå barndomen av låg svevnlus det meste av natti, lik mor si i dette som i mangt anna, meldte seg friviljugt til å gå nattvakt inne i Goetheanum fleire gonger i vika. «... Naar ein staar uppaa den veldige terrassen ein kveld og ser romet vidar seg ut for ein: det bylgjande landskapet under og stjernehimmlen over - daa er ein glad for at denne borgi finst i verdi. Eg kjenner det ingen stad so klaart som her den veldige moralske kraft som ligger bak alt dr. Steiners arbeid. Her kjenner eg at det gaar an for eit menneskie vera god ... Himmelen er djupar her enn andre stader, lufti andar og liver, himmelljoset strøymmer fraa stjerne til stjerne, og stjernone blinkar og lyser so usegjeleg mildt. Denne terrassen er som for englar. Ja her gaar Goethe sjølv millom gudar. Her vil eg eingong møte min hjartans kjær!»

Slik står det i ein kladd. Han varierer emnet i mange brev, men utan siste setning. Og han skriv til alle kantar, til mor og far og sysken, til vener i Noreg og i Paris. Der går Henrik Sørensen, Jean Heiberg,



Rudolf Steiner hadde dekorert den vesle kuppelen i det første Goetheanum.

Hugo Mohr, Dagfinn Werenskiold og andre, og alle spør etter Hallvard. Sørensen målar Golgatha. Hallvard skriv til honom, at han må koma til Dornach og sjå alt det nye der.

Heime ser dei og med spanig på alt Hallvard skriv, særleg då mor. Slik han fortel vert det som eit naturleg framhald av det åndsliv dei sjølv livde, av Grundtvigs tankar og poesi, av Christopher Bruun. Bruun hadde vore so venleg mot Hallvard før han reiste. No kom bodet at han var død. «... Eg var glad i Bruun, det skynar eg no. Han var ogso ein stor og sterk mann som ein *maatte* vera glad i. Hans aand vil alltid verke kveikjande og styrkjande paa norsk ungdom. Kanskje vil han virke lenger enn sume andre av dei «store» ...», skreiv han til mor den 2. september. Alt i juni, då han var komen so godt inn i tysk at han kunne fylgje med i alle foredrag, hadde han skrive til mor med takk for eit av dei fine brevi hennar: «... Gjennom deg har eg faatt mykje kunnskap um det som heiter sjæl; eg har også lært nu eigi sjæl betre aa kjenne gjennom alt det du har sagt og synt fram. *Aandi* i oss siglar sterkt og sigerstrygg høgt over sorg og glede; men *sjæli* ho heng saman med jordlivet. Det finst ikkje noko so vart og lett paaverkelegt som ei menneskjesjæl. Ei uheppe, ein feil som vi har gjort, ei liti sorg klemmer ho ihop, so det er ein gru; – eit glimt av glede, ein glym av von - so svingar ho seg



Fra Lundesamlingen, Lillehammer kunstmuseum:
Fra Syd-Frankrike, Hallvard Blekastad, 1926

ut over heile himmelkvelven! Og aldri har eg skyna det so godt med nokon som med deg at det er berre i kjærleiken at sjæli har sitt sanne element. Vi kan visst trygt segja, at sjæli er født ut av kjærleiken, og at ho er uroleg til ho atter finn kvile i kjærleiken ...»

Sjølvs far fekk si store oppreisning gjennom dr. Steiner, då han tala om pedagogikken og kom inn på kor viktig det var at borni fekk si fyrste opplæring på dialekt. Eit spørsmål like aktuelt i Sveits som i norske dalar. I sin store jubel over desse foredragi skreiv Hallvard eit personleg, langt referat. «... Det er det med dialekti at ho er skapningsstoff paa same tid som ho eig skaparevna. Ho voggar i sjæledjupni i det umedvitne, ho heng saman med det kunstneriske, med vaar- og nyskapingskrefter, med det poetiske. Ja ho er det levande poetiske element i oss ...» skriv han. Friskulelæraren Ivar Blekastad måtte bli varm om hjarta når dette brevet kom fram. [...]

I desse dagane vart høgskulen høgtideleg opna med

den fyrste store kongressen ved Goetheanum, ein offentlig allsidig presentasjon av åndsvitskapen. Det samla seg 1300 deltakarar. Ved sida av dr. Steiner sjølv og ulike kunstnarlege innslag tala 32 fagfolk om ulike emne, ikkje alltid heilt representativt for rørsle, diverre, etter Steiner si meining. «... Dei fleste er tilreisande studentar fraa Tyskland. Fraa Norig er (her) berre tvo studentar, dr. Schielderup og cand. Schanke Jonason, som var her i sumar ein tur, og som no baade tvo bur hja meg, d.v.s. den eine, Schanke, ligg paa sofaen paa rommet mitt, den andre ligg paa salonssofaen ... Det er morosamt aa ha dei, for dei er baade tvo begeistra for dr. Steiner, og det er mykje av tvo unge norske studentar ...»

«Studentane» vart verkeleg imponerte. I desember kom både Harald og Christian Schielderup att, Harald for tredje gangen. No fyrst lukkast det Harald å få ei samtale med Rudolf Steiner.

«... Han var reint strålende daa han kom att. Vanskelege ting hadde han havt aa spyrja um, men løysing hadde han visst faatt, han var i alle fall svært tilfreds ... Dr. Schielderup er ein uvanleg sympatisk mann, eg blir gladare i han for kvar gong han er her. Han er ei type paa ein fin og ekte vitskapsmann; so stillfarande og usjølvvisk, han verkar so ærleg og sann paa meg. Og noko so tolmodig til aa sitja aa høyre paa alt ein segjer til han har eg aldri set maken til. Fer han upp, daa er det sak det gjeld. Og han hogg også kraftig inn paa høgskulekurset i haust paa eit kveldsmøte, mot ein ung dr. Baravalle, som tala altfor vurdlaust um den gamle naturvitenskapen. Med det innhogget skapte han seg baade vener og fiendar, men eg trur dei fleste anthroposofane tok hans parti ...»

Det som verka so frigjerande i denne nye impulsen var det kunstnarlege prinsipp som bar arbeidet i dei einskilde seksjonane. Målet var eit skapande samspel millom intellektet, kjenslelivet og den formande viljen, med moralsk ansvar og respekt for realiteten. Naturen og kulturen i vidaste forstand som i jordbruk, pedagogikk og hygiene – oppleve som eit samspel, med største vurdnad for menneskeverdet hjå kvar einskild. Det sosiale spørsmålet var utvida til å gjelde alt og alle, det måtte løysast i eit allsidig samarbeid

som gav mål og meining til alt arbeid. Berre den som veit kva han gjer, og kvifor, kan kjenne seg fri, og samstundes koma i livande kontakt med dei han tener – brukarane, publikum, dei han verkeleg arbeider for. Å selja seg sjølv for pengar er ikkje menneske verdig, meinte dr. Steiner, same kva måte ein gjer det på. I so måte var Goetheanum organisert slik at det var eit eksempel på slikt samarbeid. Der var ikkje noko isolert paradisk for svermarar å koma til, men ein streng skule for den som verkeleg ville lære.

På denne tidi var dei sosiale problem i Europa og verdi ellers brennaktuelle. Her var alt borte av ei von om snart å kunne løyse dei i praksis. Dette vart teke høgst alvorleg, ikkje berre av vener, men av motsette politiske og andre krefter. Det førde jamvel til mord på ein av dei beste talarane for Steiners sosiale trigreining i Tyskland.

Brevi som Hallvard har skrive frå Dornach på denne tidi syner at sjølv han, som før aldri hadde brydd seg om politikken, opplevde med stor intensitet alt som hende i andre land. Han oppmodar på rame alvor ikkje berre foreldri og sysken på Bruvang, men hushaldaren Elise Blistill og gardskaren Aksel Solvang til å studere den norske omsetjingi av dr. Steiners «Kernpunkte der sozialen Frage».

Ein som ville setja desse tankane ut i livet, var Einar Lunde. Sidan fru Ingeborg Lindholm måtte selja garden sin på Sel, dreiv ho ein liten privatskule for born på Lillehammer, med fem elevar, to av dei hennar eigne gutar. Det skulle vera ein begynnelse til ein stor skule i dr. Steiners ånd. Lunde sende brev på brev til Dornach for å få Hallvard til å vera styrar ved denne skulen. Planane var ikkje heilt klare, men høgflugande. I fyrste omgang kunne han skaffe hus til opptil 10 born, neste år ville det sikkert koma 30, neste år 60 og slik bortetter.

Fru Lindholm skulle vera med, og frk. Signe Roll som eurythmi-lærarinne. Til å finansiere denne skulen skulle det samstundes grunnleggjast ei isforretning, eit gartneri med blomehandel, ein thesalon, ein vegetarrestaurant, eit pensjonat, ein kunsthandel med faste utstillingar, og «spørsmålet om aa tregrene min forretning blir vel ogsaa en gang aktuelt». Til dette vil Lunde finne deltakarar m.a. i Ivar Blekastad.

Hallvard skulle spørja dr. Steiner om råd for alt dette, og for møbelproduksjonen, som Lunde verkeleg hadde sett i gang ut frå teikningar av dei beste moderne kunstnarane.

Hallvard Blekastad: glimt frå eit kunstnarliv, Milada Blekastad, Universitetsforlaget (1983). Boken kan leses i sin helhet på Nasjonalbibliotekets nettside: www.nb.no/nbsok/nb/e64fd9c9b77e1c-32b58e162654f50bd?lang=no#0



Fra Lundesamlingen, Lillehammer kunstmuseum: Portrett av Dan Lindholm, Hallvard Blekastad, 1934.